

# Kyrkjelydsbladet

Kyrkjelydsblad for alle sokna i Kvinnherad kommune

September 2024

Nr. 2 Årg. 3





# Kyrkjekontoret i Kvinnherad

Klubbavikjo 9, 5451 Valen

Ekspedisjonstid: man-, tirs- og torsdag kl. 10.00 - 14.00.



Kyrkjeverje

**Torstein Aarhun**

Mobil: 951 24 964

[torstein.aarhun@kvinnherad.kommune.no](mailto:torstein.aarhun@kvinnherad.kommune.no)



Dagleg leiar, kyrkjelydsarbeid

**Jan-Ove Fagerheim**

Mobil: 913 45 042

[jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no](mailto:jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no)



Sokneprest

**Kjersti Brakestad Boge**

Mobil: 952 62 022

[kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no](mailto:kjersti.brakestad.boge@kvinnherad.kommune.no)



Sokneprest

**Kjetil Kringlebotten**

Mobil: 413 06 667

[kjetil.kringlebotten@kvinnherad.kommune.no](mailto:kjetil.kringlebotten@kvinnherad.kommune.no)



Kantor

**Eva Megyesi**

Mobil: 955 20 899

[micacica@online.no](mailto:micacica@online.no)



Einingsleiar i Trusopplæring

**Kristine Hestad**

Mobil: 971 95 370

[kristine.hestad@kvinnherad.kommune.no](mailto:kristine.hestad@kvinnherad.kommune.no)



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

**Alf Jarle Langeland**

Mobil: 488 95 728

[alf.jarle.langeland@kvinnherad.kommune.no](mailto:alf.jarle.langeland@kvinnherad.kommune.no)



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

**Idar Bjørgen**

Mobil: 488 95 732

[idar.bjorgen@kvinnherad.kommune.no](mailto:idar.bjorgen@kvinnherad.kommune.no)



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

**Trond Inge Kvandal**

Mobil: 916 67 069

[trond.inge.kvandal@kvinnherad.kommune.no](mailto:trond.inge.kvandal@kvinnherad.kommune.no)

Fungerer dessverre  
ikkje med SMS  
(tekstmelding).



**Telefon: 90 53 19 10**

[post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no](mailto:post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no)

[www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no)



Konsulent

**Ingrid Sundal**

Mobil: 907 76 149

[ingrid.sundal@kvinnherad.kommune.no](mailto:ingrid.sundal@kvinnherad.kommune.no)



Kontorsekretær

**Ann Helen Collins**

Mobil: 940 12 615

[ann.helen.collins@kvinnherad.kommune.no](mailto:ann.helen.collins@kvinnherad.kommune.no)



Sokneprest

**Carsten Mrusek**

Mobil: 916 63 816

[mrusek.carsten@gmail.com](mailto:mrusek.carsten@gmail.com)



Sokneprest

**Åse Selsvold**

Mobil: 456 05 184

[ase.selsvold@kvinnherad.kommune.no](mailto:ase.selsvold@kvinnherad.kommune.no)



Organist

**Rebekka Attramadal**

Mobil: 411 06 952

[rebekka.attramadal@gmail.com](mailto:rebekka.attramadal@gmail.com)



Trusopplærar

**Toril Langeland**

Mobil: 909 58 898

[toril.langeland@kvinnherad.kommune.no](mailto:toril.langeland@kvinnherad.kommune.no)



Diakonimedarbeidar

**Ingunn Koløy**

Mobil: 476 22 519

[ingunn.koloy@kvinnherad.kommune.no](mailto:ingunn.koloy@kvinnherad.kommune.no)



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar

**Helge Furdal**

Mobil: 995 12 585

[helge.furdal@kvinnherad.kommune.no](mailto:helge.furdal@kvinnherad.kommune.no)



Gravplassarbeidar/kyrkjetenar/reinhaldar

**Johannes Solheim**

Mobil: 976 10 810

[johannes.solheim@knett.no](mailto:johannes.solheim@knett.no)

I tillegg til desse har me og nokre mindre stillingar  
knytt opp til ei, eller nokre få, av kyrkjene våre.



Vil du gi ei gåve til bladet...?

**VIPPS nr.: 537407**

Bankgiro:  
3208.27.67117

**Redaksjonsnemnd for Kyrkjelydsbladet:**

Sjur Tjelmeland, Reidar Algerøy, Kristian Bringedal,  
Airin Helene Zimmer og Hildur Karin Øvsthus

**Redaktør og layout:** Jan-Ove Fagerheim

**Trykk og distribusjon:** Grenda

# Gud har lova å gå saman med oss

I salme 23 står det «Herren er min hyrde, eg manglar ikkje noko.» Mange kristne kjenner seg kanskje igjen i dette. Eit liv i trua på Jesus, i medgang og motgang, Bibelen fortel oss kvar livet vårt ber. Tryggheta er at me kan ha med Jesus som fundament, og vegvisar i livet.

Samstundes kan livet vårt vera fyllt av så mykje motgang at det vert vanskeleg å halde hovudet over vatnet, og blikket retta på Jesus. Gleda me har kan bli overdøyd av sorg eller mismot. Då treng me å bli minna på dette, at Gud har lova å gå saman med oss, alle dagar. I både medgang, og motgang, har me ein me kan lena oss på. Om livet vårt er farga av sorg eller glede, går Gud der saman med oss.

Trua på Jesus, anten trua vår er sterk eller svak, er meir enn nok for Han. Som det står i Romarbrevet, «[Ingen ting] skal kunne skilje oss frå Guds kjærleik i Jesus Kristus.» Han kjenner oss. Han veit at livet vårt vil stanga mot oss, at stormane kjem og at me alle vil oppleve dagar der me kjenner at verken våre eigne bein eller kanskje til og med trua vår held oss oppe. Men det er Han som ber oss. Det er Han som, når alt kjem til alt, ber trua vår. Me har den lovnaden, at me kan når som helst be Han om å bere oss, om å vere fundamentet i livet vårt. Me kan kvile i vissa om at, sjølv om det ikkje kjennes slik ut, at sjølv om alle bakkar kjennes ufatteleg bratte, går Han der saman med oss. Hans kjærleik til deg, er evig. Han gjer deg ikkje opp.

Håpet, som me har i Jesus, i Hans liv, død og oppstode er sterkare enn døden.

Det høyrest kanskje fint og flott ut, for så enkelt kan det jo ikkje vera. Det må jo koste noko. Og på eit vis gjer det jo det. Frelsa er heilt gratis, men Gud gjer oss ei utfordring. Me finn den blant anna i Bergpreika. Eg las ein stad ei god forklaring på denne, Gud utfordrar oss til å gjere kjærleik. Som eit verb. Å sjå kvarandre med kjærleik. Å sjå kvarandre slik Gud ser oss.

Ein oppfordring i dag: Vis Guds godheit til nokon. Eit venleg ord, eit smil, ein klem eller kanskje ein telefonsamtale til nokon som er einsame. Vi menneske har godt av å bli sett. Slik Gud ser oss.

Håpet, som me har i Jesus, i Hans liv, død og oppstode er sterkare enn døden.



## TEOLOGISTUDENT FRÅ VARALDSØY

Astrid Elisabeth Wilborn er 37 år, gift med Nikolai, og har slektsrøtene sine på Varaldsøy, der dei no bur. Tidlegare har ho budd i Oslo, Bergen og Trøndelag. Astrid studerte historie på universitetet i Bergen, og då ho budde i Trøndelag, jobba ho ein del i organisasjonen Ungdom i Oppdrag. I fjor haust tok Astrid til å studera teologi ved Norsk Lærarakademi i Bergen.

På [www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no) kan du lesa eit intervju som Hildur Øvsthus har hatt med Astrid om det å studera til prest.

[www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no)



# Felles Jubileums-veke

25. august - 1. september 2024

for Eid og Husnes kyrkje

## To kyrkjer - éi tru

Eid kyrkje på Halsnøy og Husnes kyrkje rundar runde år i år. Eid kyrkje er 200 år og Husnes kyrkje er 150 år. Forfattar Lars Jostein Rørvik har på oppdrag frå jubileumsnemnda for dei to kyrkjene skrive bok til kyrkjejubileet, som vart markert siste veka i august. Otto Erslund og hans Kapabel forlag i Bergen har laga ei vakker bok på grunnlag av forfatternes sitt arbeid.

Lars Jostein Rørvik har tidlegare skrive bok om bestefar sin, Jens i Dalen; om Det illegale Sunnhordland, og i fjor kom Rock- og popband i Kvinnherad gjennom 60 år. Han har og vore redaktør for fem utgåver av Kvinnhersminne frå 2015.

Jubileumsboka om kyrkjene er blitt ei bok på 128 sider, det er det sidetalet forfattern hadde til disposisjon. Boka heiter To kyrkjer – éi tru.

- Eg hadde i utgangspunktet ikkje nokon detaljert plan for arbeidet. Det er tidlegare gitt ut eit hefte om husneskyrkja då ho runda 100 år i 1974, fortel forfattern.

### Eid kyrkje

Det har stått kyrkje på garden Eide på Halsnøy i fleire hundre år. I 1337 krov klosteret rett til å utpeika ein av sine klosterbrør til å preika i kyrkja. Biskopen i Bergen gjekk med på det, og abbeden fekk velja den mest dugande og «gudfryktigste» til prest i kyrkja på Eide. Etter Svartedauden var det altfor få prestar i landet, og då kom det vel med at kyrkja kunne få hjelp frå klosteret. Det er påstått at det var på denne tida at preikestolen vart vanleg i kyrkjene og «preikemunkane» fekk mykje å seia, ikkje berre frå preikestolen, men og i samfunnet elles.

Etter reformasjonen i 1537 vart kyrkja på Halsnøy lagd inn under Fjelberg hovudkyrkje av superintendenten Gieble Pedersønn

til erstatning for Valestrand kyrkje. Mellomalderkyrkja på Eid, truleg ei stavkyrkje, stod der til 1668. Då vart det bygt ny kyrkje.

Futen i Sunnhordland åtte kyrkjene på Halsnøy til midt på 1700-talet. Etter nokre år med bergenske eigarar, kjøpte Jens Undahl på Valen kyrkja på Eid for 65 riksdalar i 1764.

Kyrkja brann like før 1824. Då vart det reist ny kyrkje. Den kjende kyrkjebyggjaren Lars Bastiansson frå Eikanger var byggmeister for nyekyrkja. Ho vart reist på det høgaste punktet på Eide-garden. Undal-ætta åtte kyrkja til 1854. Då kjøpte folket som høyrde til sokna kyrkja for 350 spesiedalar.

Det vart gjort noko ombygging av kyrkja i åra 1891 – 1893. I 1920 vart det bygt sakristi ved austgavlen på koret. I 1952 og 1953 var kyrkja restaurert. Den kjende målarar Johannes Rørvik utførte målararbeidet. Ved denne restaureringa var målet gjenskapa den opphavlege utsjånaden frå 1824. Galleriet på nordsida av veggen vart teke ned og like eins nokre vindauger.

Eid kyrkje er eit vakkert kyrkjebygg og er meir dekorert innvendes enn mange andre kyrkjer frå same tidsperioden.

I 1967, då Husnes prestegjeld vart oppretta, blei den delen av Eid sokn som då låg på fastlandet, altså Valen krins, lagd til Husnes kyrkje. Ein del av Eid sokn som tidlegare høyrde til Holmedal sokn, Hauge krins, vart overført til Eid sokn.



Desse to har laga bok om to jubilerande kyrkjer, Lars Jostein Rørvik, (t.v.) og Otto Erslund.



## Jubileumsboka

kan du kjøpa ved å henvenda deg til kyrkjekontoret på Valen. Ring tif.: 90 53 19 10 eller mail post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no

Boka kostar kr 300,-



### Husnes kyrkje

Tidlegare var kyrkjestaden for Husnes på Kaldestad. Der ligg endå kyrkjegarden etter gamle-kyrkja. Den nye kyrkjesegeboka tek utgangspunkt i kyrkja på Kaldestad. Den eldste kyrkja der kan daterast til året 1337. Då det seint på 1800-talet skulle byggjast ny kyrkje, var det mange som meinte at kyrkja burde plasserast så nær det geografiske midtpunktet i sokna som råd, altså midt mellom Opsanger og Bringedalsbygda. Ikkje alle var samde i det, og det vart ein til dels intens strid om kor den nye kyrkja skulle byggjast. Det var til slutt kyrkjedepartementet som tok avgjerda om at kyrkja skulle reisast på garden Undarheim, og det skulle skje med ein gong.

Arbeidet tok til sommaren 1873, og eitt år seinare kunne kyrkjelyden ta i bruk den nye kyrkja. Dei første åra mangla kyrkja orgel. Dugande songarar samla seg på galleriet og leidde songen i mange år. Orgel kom ikkje før i år 1900. Kyrkja vart restaurert i 1960 og i 1974.

Kyrkjene i Kvinnherad blir haldne i god stand, like eins kyrkjegardane. Folk er flinke til å stella gravene, og kyrkja sine eigne folk tek seg av anna vedlikehald på kyrkjene og uteområdet.

Kva er det med desse gamle tre-husa som gjer at kyrkjelyden skal jubilerer når husa rundar år? Soknerådsleiar Ann Helen Collins har eit klart svar. Ho skriv om Husnes-kyrkja i jubileumsboka: «Og no fyller denne staselege dama 150 år, omtrent fem

*mannsaldrar. Og kva har ho ikkje sett på desse åra? Ho vart til i eit lite bondesamfunn på Vestlandet, ho skulle romma desse bøndene, fiskarane, handelsmennene og familiane deira. Men verda står ikkje stille. Husnes vart eit sentrum for norsk industrieventyr, og den staselege dama måtte finna seg i å liggja i skuggen av eit enormt industriområde. Folk flokka til bygda, og bygda vart eit sentrum i kommunen. Folk frå alle delar av vårt langstrakte land gjorde Husnes og kyrkja til sitt eige. Denne kyrkja har vore hovudscenen i dei store livshendingane til tusenvis av menneskje. Ho har følgd mange frå vogge til grav, og har difor ein spesiell plass i livet til så mange som soknar til ho.»*

Dette er ikkje først og fremst ei bok om to gamle bygningar. Forfattaren har gitt vel så mykje plass til å fortelja om arbeidet i kyrkjelydane. Fleire andre bidragsytarar skriv om arbeidet både innanfor kyrkjeveggene og ute i samfunnet.

- På 1960-talet kom mange tilflyttarar til Husnes. Kyrkja ville gjerne bidra til å skapa eit fellesskap mellom dei som budde på Husnes og næraste bygdene og nykomarane, seier Lars Jostein Rørvik.

- Marit Svenningen vart tilsett i nyoppretta stilling som kyrkjelydssekretær. Ei av dei viktige oppgåvene hennar var å skapa eit tilbod til born og ungdom innan kyrkjelege rammer. Det arbeidet har halde fram i alle år seinare, både med tilsette folk og mange frivillige. Mange ungdomar har hatt stor glede av dette arbeidet.

Fire kvinner på Halsnøy fortel om sitt forhold til kyrkja og kva kyrkja har å seia i deira liv. Ikkje alle er flittige kyrkjegjengarar, men svært mange set stor pris på kyrkja ved viktige hendingar i livet.

- Omfanget av aktiviteten i kyrkjelydane imponerer meg, seier Lars Jostein Rørvik. Mange gjer ein stor innsats for å skapa eit godt miljø i bygdene.

Boka har mange gode bilete av kyrkjene, ikkje minst av interiøret. I farne tider vart det lagt stor vekt på at kyrkjene skulle skilja seg ut som vakre og som gjorde inntrykk på kyrkjegjengarane. For eit par hundre år sidan var det ingen stad så høgt under taket og slik vakker utsmykking som i kyrkjene.

Lokalavisene er gode kjelder til aktivitetane i kyrkjelydane opp gjennom åra, seier forfattaren. Han har og hatt god nytte av bøker som er utgjevne tidlegare om livet i kyrkjene i Kvinnherad.

Otto Ersland er oppvaksen på Stord og har sterk tilknytning til Kvinnherad. Foreldra hans kom frå Sandvoll. Han fortel om godt samarbeid med Lars Jostein Rørvik om utforminga av boka. Trass i allslags moderne designutstyr, må ein god del arbeid gjerast manuelt med fintilpassing før designaren er nøgd.

Charlotte Haugetun, Sigve Solheim, Viggo Agdestein og Jan-Ove Fagerheim har bidrege med bilete til boka.

Sjur Tjelmeland

# Glimt frå jubileumsgudstenestene



Biskop Ragnhild Jepsen og prost Svein Arne Theodorsen under inngangsprosesjonen i Eid kyrkje.  
Foto: Eli Hårklau (Grenda)



Sokneprest Åse Selsvold og prost Svein Arne Theodorsen i Husnes kyrkje.  
Foto: Olav Svalland



Get Together – Kvinnherad Gospel song under gudstenesta i Husnes kyrkje.  
Foto: Eli Hårklau (Grenda)



Medverkande under jubileumsgudstenesta i Husnes kyrkje.  
Foto: Olav Svalland



Medverkande under jubileumsgudstenesta i Eid kyrkje.  
Foto: Eli Hårklau (Grenda)

# Eit lukkeleg musikalsk samarbeid

Dinu Serfezi har i ulike musikalske samanhengar dukka opp saman med kantoren vår, Eva Megyesi. Dei spelar då bratsj og piano saman.

Redaksjonsnemnda var nysgjerrig på denne musikaren, og sette underteikna på saka.

Vi møttest på Gjøa restaurant i Rosendal til ein hyggjeleg musikalsk prat. Dinu spelar bratsj i Malmø symfoniorkester. Bratsj er ei stor fele. Hovudoppgåva er å fylla ut klangen i orkesteret.

Eva og Dinu voks opp i same byen i Romania, Arad, som ligg nær den ungarske grensa. Dei hadde lite kjennskap til kvarandre under oppveksten. Den musikalske utdanninga tok dei i ulike byar i Romania.

Etter endt musikalsk utdanning trengte Dinu ein pianist til debutkonserten. Eva blei valt til pianist, og dei skjønna straks at dette var eit musikalsk lukketreff. Dei musikerte glimrande saman.

Etter den vellukka konserten for dei kvar til sitt. Dinu enda opp i Malmø i Sverige som orkestermusikar. Saman med familien har han budd der i 35 år og snakkar feilfri svensk.

Eva gløymde aldri det flotte musikalske samarbeidet, og for tre år sidan fann ho Dinu på Facebook. Han tok då turen til Norge, og det lukkelege musikalsk samarbeidet kunne starta på nytt.

Dinu synest at Norge er eit spennande land og kjem så ofte han kan for å spela saman med Eva. Dette gjer han til og med gratis.

Då er det berre å møta opp på Eva sine konsertar for å høyra på dei vakre tonane dei lagar saman.

*Reidar Algerøy*

*På dette bildet ser du kantoren vår, Eva Megyesi, og den musikalske vennen hennar Dinu Serfezi.*

*Foto frå uskedalen.no*



# Ein prat med Ingunn

**Ingunn Koløy har no vore i teneste som diakonimedarbeidar om lag eit år. Eg ville gjerne høyra litt om erfaringane ho har gjort, og møtte ei smilande og imøtekomande dame i sakristiet i Kvinnherad kyrkje.**

*Kan du seia litt om bakgrunnen din?*

Eg er frå Halsnøy, er utdanna som restaurant-kokk og sjukepleiar. Tidlegare dreiv eg bensinstasjonen far min hadde. Heilt frå barneåra har eg vore med i kristent arbeid. Trua på Jesus har vore ein viktig del av livet mitt. Under sjukepleiarutdanninga vart eg også engasjert i temaet «åndeleg omsorg». Saman med ein medstudent skreiv eg bacheloroppgåve om «Åndeleg omsorg til pasienten i psykisk helsevern». Eg vart veldig glad for å sjå utlysinga etter diakonimedarbeidar, og tenkte med ein gong at dette var noko eg hadde lyst til!

*Kva er eigentleg diakoni?*

Diakoni er kyrkja si praktiske omsorgsteneste i samfunnet, med Jesus som førebilete. Det er Jesu hender og føter i møte med menneske. Han som ikkje var redd for å bøya seg ned, men viste omsorg og hjelpte alle som trong det - uansett stilling og rang.

*Kva røynsler har du gjort dette året?*

Først og fremst kjenner eg meg privilegert, er glad for tillit som er vist meg, er både audmjuk og heldig, og er takksam for alle muligheter stillinga gjev. Eg har god støtte frå kollegaer på kyrkjekontoret. Sidan stillinga mi er ny, må eg prøva å staka ut vegen sjølv, og eg treng nok litt tid for å kjenna meg trygg i rolla mi. Og dessutan er det ikkje så lett å visa til målbare resultat. Kjersti Brakestad Boge og eg har hatt sorggruppe, eg har hatt samtalar både i heimar og på institusjonane, og på kyrkjekontoret. Fint å få vera med på familieimiddagar, i lovsongsgruppe og få ha andaktar, vera med på SIKVAL, og besøkje sokneråd.

*Kan du seia litt om utfordringar du har møtt?*

Det er jo nett dette at eg er resultatorientert, då. Og sidan eg er den einste i stillinga, er eg mykje

åleine om oppgåvene og kan av og til kjenna på einsemd. Hadde me vore fleire, kunne me snakka fag, og me kunne spørja kvarandre om ulike ting. Men eg trivst godt, ingen tvil om det, og har mange å søkje råd hos likevel.

*Kva gjev deg glede i arbeidet?*

Eg har stor glede av å møta nye menneske, og få dela trua mi med andre. Det vert jo drive mykje godt diakonalt arbeid rundt om i kyrkjelydane frå før, babysong, hobbyklubbar, konfirmantundervisning, soknerådsoppgåver m.m. Som før nemnt har eg stor glede og nytte av samarbeid med prestar, trusopplærarar og mange frivillige. Eg har blitt kjent med ukrainske flyktningar, har vore saman med dei på språk-kafe, påskevandring i Husnes kyrkje, og på turar til Bremstølen og Myrdaalsvatnet. Fleire av dei har blitt med i det nye gospelkoret.

Ingunn deltek på språkkaféen for flyktningar. Det er ei viktig oppgåve at flyktningane blir sett, og får hjelp til å bli integrert i samfunnet. Ynskjer du å vera med i dette viktige arbeidet? Ta gjerne kontakt med Ingunn på 476 22 519.

**Du er og velkommen på språkkafé på Biblioteket på Husnes mandagar kl. 13.00-14.15.**

*(Arr.: Integrerings-teamet i Kvinnherad.)*

Med flyktningar på tur til Myrdaagvatnet. (Foto: Monika Haugsdal)

# Koløy

*Kva oppgåver ventar på deg vidare?*

Me skal ha ei ny samling for flyktningar no i haust, med middag, gudsteneste og sosialt samvær. Eg skal vera med i konfirmantarbeidet i Fjelberg og Eid sokn, det vert kjekt. Vidare blir det opstart av to nye sorggrupper, i samarbeid med Kjersti Brakestad Boge og Aslaug Hellesøy. Eg vil og minna om foldaren «*Treng du nokon å snakka med?*» som ligg i kyrkjene, på legekantora og på institusjonane. (Sjå bilete nedanfor.) Og så ser eg fram til koma til dei sokna eg enno ikkje har besøkt, og vera til inspirasjon for diakonalt arbeid for dei.

Eg takkar for hyggeleg prat, og ynskjer lukke til med alle dine gjeremål!

*Hildur K. Øvsthus*

**Treng du nokon å snakka med?**



 **DEN NORSKE KYRKJA**  
Kyrkja i Kvinnherad

**Tilbod om samtale**

Vi er her for deg og har tid for samtale. Eit gratis samtaletilbod. Her kan ein prata om små og store ting i livet.

Hos dei fleste menneske vil det vera periodar i livet som ein opplever meir utfordrande. Det kan då vera behov for å sortera tankar, tid for å stoppa opp og få litt hjelp frå eit anna lyttande menneske inn i det som er vanskeleg.



# Misjon i endring og utvikling

Fleire av sokna i kommunen vår har ulike misjonsprosjekt som ein har fokus på, og bidreg med informasjon og økonomisk støtte. I dette bladet får du eit møte med to av desse misjonsprosjekta.

## Umred – Uskedal sokn sitt misjonsprosjekt i India

Uskedal sokn har sidan Lina Håland var sokneprest hatt barne- og ungdomsarbeid i Umred i India som sitt misjonsprosjekt. Kontaktpersonar er Lina og Margun Håland. Inger Elise Helgeland og Eli Roseth Eik har saman med Lina og Margun vore på tur til Umred for å sjå og få meir kunnskap om arbeidet. Mary og Effi David og Christina David, som er leiarane for skulen, har ved fleire høve vore i kyrkja i Uskedalen og informert om hjelperbeidet.

Ved Joy Care Centre er det 120 elevar. Dei er barnehagealder og fram til dei går i 4. Klasse. I tillegg til hovudskulen i Umred er det skule i slummen i Malik Nagar med 25 -30 elevar. Talet går litt opp og ned sidan borna stundom må hjelpa foreldra med arbeidet heime. Det er mykje tiggung. På skulen er det tre tilsette, ein lærar, ein sylværar og ein hjelpar. Om ettermiddagen er det vaksenopplæring i skulebygget. Aktiviteten er syng.

Siste tilveksten er Kuhi Faataa med 45 born. Der er det også ein lærar og ein hjelpar. Uskedal sokn vil halda fram med å støtta misjonsprosjektet i Umred.

Dei som vil gje si støtte, kan bruke VIPPS 131504 – Uskedal sokn (Merk: Umred).

*Kristian Olav Bringedal*



*Effi, Mary og Cristina David på temakveld i Uskedal kyrkje*



*Frå Joy Care Centre i India*



To gode vener;  
Ever og Kristian.



Desse fire kom den lange  
vegen frå Filippinane til  
Valen. Dei heiter Janette  
S. Matco, Victoria V.  
Villena, Ereberto M.  
Lacuesta (Ever) og Jesilie  
Jingle P. Cuartillo.

## Gjester frå Filippinane - MaMAs er Husnes og Holmedal sitt misjonsprosjekt

Kristian Tvedt og Ever hadde aldri møtt kvarandre før. Etter få minutt var dei bestevenner, og snakka om ei felles interesse: engelsk fotball.

Dei to møttest for første gong i kyrkja på Valen ein dag i mai. Kristian bur på Valen og Ever hadde kome den lange vegen frå Filippinane. Etter kort tid pratlar og ler dei som om dei var gamle kjende.

Denne dagen kom det fire gjester frå Filippinane til Valen. Det har seg slik at Husnes og Holmedal sokn har i gang eit misjonsprosjekt på Filippinane. Ove og Grete Tvedt står i brodden for det her, og mange fleire hjelper til, ikkje minst med å skaffa pengar. Dei arbeider gjennom organisasjonen Mamas. Fire av dei som arbeider i Mamas på Filippinane tok turen til Valen. Dei besøkte òg andre stader i Norge.

Rakel grunnla Mamas, fortel gjestene frå Filippinane. Dei har ulik bakgrunn. Den eldste av damene miste heimen sin i ein storflaum, men har likevel klart seg seinare. På Filippinane er dei fleste fattige samanlikna med folk i Norge. Utdanning er rekna som ein viktig veg ut av fattigdommen. I middelklassen har dei aller fleste ein jobb å gå til. Mange bur tett i små og store byar, ofte i egne hus, som er små samanlikna med vår standard. Gjestene som kom til Valen bur i kvar sine hus, mindre enn våre bustader, men har det som trengst.

Grete og Ove Tvedt har besøkt Filippinane mange gonger. Når dei

kjem til landet, blir dei møtte av Ever, som hentar dei på flyplassen. Ever arbeider på barneheimen og er ein farsfigur for mange av borna som bur der. Han syng og spelar gitar og er ein blid og omgjengeleg mann. Han har arbeidd i Mamas sidan 2004; han er sjåfør, vaktmeister, hjelper borna, underviser og preikar i kyrkja. Han er òg handverkar, både elektriskar og røyrlleggjar.

Janette fortel at ho har arbeidd i 17 år i Mamas, ho er leiar, lærar og sosialarbeidar. Ho arbeider med foreldreause born og gamle folk. Vesilie har arbeidd der i 20 år og er leiar i avdelinga for jenter. Ho er lærar og lærer mellom anna borna å dansa. Victoria er pensjonist, men held fram med å arbeida som frivillig for Mamas.

Gjestene bur på ulike stader, i store byar. Der er universitet, store sjukehus, offentlege skular og mange kyrkjer. På Filippinane praktiserer folk mange religionar, og der er fleire retningar innan kristendommen. Der er offentlege og gratis skular for born og ungdom. I høgare skular må elevane betala, så dei er i liten grad tilgjengelege for dei fattige.

Byane kan karakteriserast som moderne, der er mange og ulike arbeidsplassar. Folk flest er ikkje så rike etter europeisk standard. Men alt i alt er folk lukkelege og glade.

- Sjølv om me ikkje har så mykje pengar, kan me by på varme smil, er dei fire samde om. Og det er lett å sjå.

På Filippinane er det sommar heile året, på jammen 38 grader frå april til august. Den andre perioden er regntida, då òg er der varmt samanlikna med Nord-Europa.

Dei langvegsfarande gjestene let seg imponera over vakker norsk natur. Her er reint ute og inne, og god atmosfære mellom folk. Tilværet her er heilt annleis enn det dei er vane med på Filippinane. Etter ti dagar flaug dei heim att, fulle av inntrykk og gode minne frå det rare landet på andre sida av jorda.

Tre gonger i året går offeret i kyrkjene i Husnes og Holmedal sokn til Mamas. Ein gong i året held lokale entusiastar basar til inntekt for Mamas. Då plar det koma mykje folk, og pengane strøymer inn. Det er tydeleg at dette er eit misjonsprosjekt som mange set pris på.

Mamas er organisert som ei stifting og heiter formelt MAMA CHILDREN'S CENTER OF NORWAY. Målet for stiftinga er hjelp til sjølvhjelp. Det dreiar seg om hjelp til utdanning. I starten var born og einsele mødrer viktigaste målgruppa. Seinare har organisasjonen teke opp hjelp til eldre folk og dei som er åleine, slik at dei kan få ein verdig alderdom.

Økonomien er basert på faste gaver frå einskildpersonar.

Sjur Tjelmeland



## Svein Arne Theodorsen vert pensjonist etter 23 år som prost i Sunnhordland

Søndag 20. oktober vert det avskjedsgudsteneste med prosten i Stord kyrkje. Svein Arne har då vore prost i prostiet vårt i vel 23 år. Sjølv om han ikkje har hatt faste tenester i Kvinnherad er han eit kjent fjes også for mange kvinnheringar. Han har vore med på ulike tilstellingar og gudstenester mellom anna med innsetjingar og avskjedar med prestar i perioden. I tillegg har han og vore inne som vikar ved gudstenester og kyrkjelege handlingar. Dei siste åra har han hatt fast sete som biskopen sin representant i Kvinnherad kyrkjelege fellelsråd.

I tillegg til tenesta som prost og leiar for prestetenesta i Sunnhordland har Theodorsen dei siste åra arbeidd mykje med gjennomføring av jubileet 'Moster 2024' der han har vore styremedlem og komitéleiar.

Prosessen med å tilsetja ny prost er i gong. Søknadsfrist var medio august. Det er 6 søkjarar til jobben, og målet er tilsetjing i løpet av september månad.

## Babysong

...har blitt eit populært tiltak. Det er mange som synes det er veldig kjekt og meningsfullt å gå på dette med barnet sitt. Her kan ein synge, eller lytte til song og musikk, saman med babyen sin.

Vi samlast onsdagar frå kl. 11.00 – 12.30, vekselsvis på Rosendalstunet og i Valen kyrkje.

### Valen kyrkje

2. oktober  
16. oktober  
30. oktober  
13. november  
27. november

### Rosendalstunet

9. oktober  
23. oktober  
6. november  
20. november



*Du er velkommen på*  
**PIZZAKVELD**  
*for heile familien*  
i Valen kyrkje

Dette er eit familiearrangement retta mot alle, både unge og eldre. Då me starta opp med desse pizza-kveldane for snart 15 år sidan, var det fantastisk å oppleva den gode spredninga i alder me fekk møta. Her har vore ei god blanding av born, ungdom, vaksne og eldre. Det er unikt med ei samling der generasjonane kan fungere så godt saman på tvers slik som dette.

Etter ei samling med leik, song og andakt vert det servert pizza frå Pizzabakeren. Vidare utover kvelden kan dei vaksne la praten gå medan det er ulike leikar, spel og aktivitetar for borna.

Datoar i haust:  
**Laurdag 21. september kl 18.00-20.00**  
**Laurdag 16. november kl. 18.00-20.00**

**Husneshallen 2024**  
**NATTCUP**  
KRIK Husnes - Innebandy

**Laurdag 9. november**

Påmelding og info:  
**kriknattcup.no**

**- Kl 19.00: Opnings-SHOW**

- Turnering (fram til i 2-3-tida)
- GRATIS T-skjorte til dei 100 første påmeldte!
- Nattcafé med mingling
- Spel PlayStation m.m.

**- Ca kl. 23.00: KONSERT m/ GinoBless**

**100% rusfritt!**  
**GRATIS inngang!**

Alle spelarar er med i trekninga av eit gavekort på kr. 1000,- frå TrimX

**1. premie til vinnarlaget i kvar klasse: Gavekort kr 500,- på PIZZABAKEREN**

**Påmeldingsfrist: Onsdag 6. november**

**NB!**

**www.kriknattcup.no**

# Du som går i 4. klassetrinn og oppover: Vil du syngje i kor søndag 20. oktober?

Barbro Wiig Sulebakk, Lisa-Maria og Tobias Frede m/ DanceCrew kjem til Kvinnherad. Dei ønsker å ha med born frå 4. klassetrinn og oppover frå heile Kvinnherad til eit stort barnekor. Sondag 20. oktober vert det øving og konsertdag i Uskedal Kyrkje. Korseminar først og så konsert kl 17.00.

## Tema for konserten er «Bare vær deg selv!»

Søskenparet Lisa-Maria (11 år) og Tobias (13 år) Frede frå Frekhaug fekk delt 2. plass i MGP jr. i 2022. Dei har seinare laga mange låtar og har framført dei på konsertar rundt i landet vårt. Mange av tekstane

handlar om det å ikkje bry seg om kva andre tenkjer og meiner, vere den vi er og heie på kvarandre. Dei har med seg DanseCrew som består av 5 barn/ungdom som er med og har showet.

Barbro Wiig Sulebakk er leiaren deira. Barbro har skrive mange songar og melodiar. Ho har laga musikk-album. Du kjenner kanskje «Under stjernene» som Lise-Maria syng solo? Frå Kvinnherad har det vore born frå både Halsnøy og Rosendal (sundagsskulekor) med i Grieghallen og sunge i eit stort kor som var organisert av Barbro.

Barbro og mannen driv Kulturbua i Alver og ho leier ZingZang. (ZingZang er ein organisasjon som jobbar med barn og unge som elsker å syngje, danse og opptre)

**Dette blir ein variert og super konsert for barn, unge og familiar.**



Før konserten har vi kor-seminar, der vi øver til konserten med pausar med mat. Velkomen til å bli med: Du som er frå 4. – 7. klassetrinn som likar å syngje og som ikkje har noko kor å vera med i. Barnekor, barnelag, sundagsskular; kom i grupper eller som enkeltpersonar.

Ta kontakt med Nelly Kjærland om du ynskjer å vera med. Telefon 950 82 320 eller e-post neolkje@gmail.com.

Arr. Singing Tweens (Uskedalen sundagsskule) og Rosendal Tweens.



Arrangementet er sponsa av Sparbank 1-stiftinga, Kvinnherad.

# Vil du vera med å gi ei gåve til bladet?

## Til heile kommunen

Sidan 2022 har Kyrkjelydsblad for alle sokna i Kvinnherad kommune tre gonger i året kome i postkassa til alle som mottok fulldistribusjonsutgåvene til Grenda. Med jamne mellomrom nemner me at det er høve til å gi ei gåve til

bladet. Ein kan gje på Vipps eller nytta kontonr. 3208.27.67117

Me som jobbar med bladet håpar sjølvstakt det er mange som set pris på innhaldet og vil vera med på denne satsinga. Det er mykje flott som rører seg i kyrkjelydane våre, som fortener å få fokus.

Utan støtte frå det lokale næringslivet og gåver frå privatpersonar kan me ikkje laga dette bladet slik me gjer det idag.

Takk til kvar og ein av dykk som ynskjer å vera med og gje ei frivillig gåve.



Du kan gjerne gje ei gåve til bladet på

**vipps**

Vipps-nummer: 537407



# Slekters

15.03. - 29.08.

## Eid kyrkje

### Dåp

17.03. Frida Haugetun Lygre  
31.03. Gustav Verbelis Sjo  
31.03. Gustav Mong Bjørnevik  
26.05. Ivar August Eide Grimsrud  
26.05. William Fjelland Haga  
26.05. Ola Sætre Vatna  
07.07. Johannes Eide  
11.08. William Monssen Aasheim

### Gravferd/bisetting

21.03. Bjørg Emmerhoff ..... f.1929  
07.05. Madli Helene Juel ..... f.1933  
30.05. Harald Sigfred Peter Anthonson . f.1941  
07.06. Paul Tvedten ..... f.1930  
11.06. Karoline Johanne Nygaard ..... f.1933  
02.07. Audhild Halvorsen Hesjedal..... f.1955  
04.07. Rita Isdal Cunningham ..... f.1971

### Vigsel

15.06. Kristine Emmerhoff og Martin Pedersen

## Fjelberg kyrkje

### Dåp

28.03. Samson Fredlund Brekke

### Gravferd/bisetting

16.07. Bjørn Jostein Årsnes ..... f.1942

## Holmedal Kyrkje

### Gravferd/bisetting

18.06. Ragnar Kåre Tveit..... f.1935

## Valen Kyrkje

### Dåp

14.04. Malvin Sletten  
14.04. Saga Sletten  
26.05. Filip Stensletten  
30.06. Arvid Strønstad Saugestad

### Gravferd/bisetting

27.08. John Harry Kambe ..... f.1941

## Husnes Kyrkje

### Dåp

19.05. Henrik Aakre-Søllsvik  
19.05. Amelia Wangensten  
09.06. Thea Sundal  
09.06. Sivert Nerhus Nissestad  
09.06. Kaspian Haavik  
09.06. Geirmund Sjo Kaldestad  
09.06. Albert Grindheim Veastad  
09.06. Sofie Eikesdal Myklebust  
04.08. Amund Bjelland Johnsen  
04.08. Vilde Skarveland Rydingen

### Gravferd/bisetting

19.03. Eli Helene Haaland ..... f.1938  
26.03. Malvin Kristian Helland..... f.1935  
27.03. Yurii Novak..... f.1977  
16.04. Åge Gjerde..... f.1949  
18.04. Torunn Bringedal ..... f.1946  
18.04. Marianne Halseth Mcfarland..... f.1957  
23.04. Otto Blokhus..... f.1932  
06.06. Ørjan Johansen..... f.1973  
28.06. Gjertrud Myklebust ..... f.1935  
12.07. Halldis Veastad ..... f.1936  
12.07. Ingrid Birgit Margareta Bru..... f.1942  
01.08. Sten Kristian Helland ..... f.1933  
16.08. Odd Himberg Kristensen..... f.1959

### Vigslar

30.03. Christine Digranes & Jeanett Birgitte Karlsen  
08.06. Gunn Kristin Raudstein  
& Kurt Raymond Gundersen Jegteberg  
03.08. Thea Vaage & Nils Olav Smestad  
10.08. Marianne Heggelund & Jon Andre Simonsen

## Kvinnerhad Kyrkje

### Dåp

28.04. Mathias Ripel Enes  
09.06. Emba Raaen Fosse  
09.06. Alfred Malmanger  
14.07. Astrid Nilson Aase  
18.08. Madel Sundal  
18.08. Johanna Fossheim

### Gravferd/bisetting

15.03. Kjetil Solheim..... f. 1984  
09.04. Anna Elisabet Bøyum..... f.1943  
09.04. Gerd Josefa Olsen ..... f.1942  
24.05. Jan Inge Offerdal..... f.1963  
28.05. Erna Fagerlid..... f.1932  
04.06. Gerd Skålnes ..... f.1931  
20.06. Gunvor Seim ..... f.1941  
25.06. Olav Ingvar Ullaland ..... f.1944  
30.07. Sidsel Tveitnes ..... f.1944

# gang

2024

## Vigslar

- 11.05. Anne Marthe Guddal Zimmer  
& Vegard Enes Ludvigsen  
25.05. Linda Bue Midstun & Johannes Hjelmeland  
01.06. Synnøve Kvamme & Steven Anthony Guidos  
22.06. Stephanie Lilleåsen Gjelsest  
& Åsmund Hjelmeland  
06.07. Åshild Lygre & Gaute Hjelmeland  
06.07. Hanne Haavik & Kjartan Edvardsen Rystad  
13.07. Margrete Øyre Aksnes  
& Christian Midling Gram  
26.07. Henriette Hauge Leikvoll & Per Helge Bakka  
17.08. Tuva Skulstad & Joakim Moss Grutle  
23.08. Stina Roysdotter Nordvik  
& Robert Husabø (*Baroniet*)  
24.08. Anette Håvik & Åge Olsen

## Uskedal Kyrkje

### Dåp

- 17.03. Selma Totland Lygresten  
04.08. Lucas Skarveland

### Gravferd/bisetting

- 04.04. Kirsten Rød ..... f.1941  
13.08. Signy Laurentse Helland ..... f.1933

### Vigsel

- 03.08. Marte Lie Børve & Kjell Kristian Stråbø

## Varaldsøy kyrkje

### Dåp

- 04.08. Svale Naterstad  
04.08. Vebjørn Karlsten Strand

### Gravferd/bisetting

- 03.04. Nora Mathilde Skjelnes ..... f.1929  
12.04. Einar Edvin Tveit ..... f.1937

## Ænes kyrkje

### Dåp

- 14.07. Eileen Øyre Skaala  
14.07. Sixten Anders Ingemar Øyre  
17.08. Elias Nissen-Lie Kongestøl

### Gravferd/bisetting

- 27.06. Kjell Bråtun ..... f.1943  
08.08. Ragnar Nøttveit ..... f.1936  
28.08. Olaug Hesvik ..... f.1952

## Ølve kyrkje

### Dåp

- 20.05. Ulrik Håvik Bårdsen

## Hatlestrand kyrkje

Inga hendingar

## Åkra kyrkje

### Dåp

- 19.05. Sigrun Lunde Skålnes

### Gravferd/bisetting

- 20.03. Harry Olai Slåke ..... f. 1946

### Vigsel

- 03.08. Ida Jacobsen Saltvedt & Ola Terjeson Miljeteig

## Sorggrupper

I haust ynskjer Kyrkja i Kvinnherad å tilby to ulike sorggrupper der pårørande kan treffe andre «i liknande situasjon».

Det vert to ulike sorggrupper som startar opp i starten av oktober (dersom nok påmelde):

- **For enker, enkemenn og tap ved død av livspartner**
- **For vaksne pårørande etter sjølv mord og ulykker**

Påmelding seinast søndag 29. september

Meir info og påmelding på [www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no)



Foto: John Tofte



Uskedal kyrkje



Husnes kyrkje



Valen kyrkje



Holmedal kyrkje



Eid kyrkje



Fjelberg kyrkje

# Kyrkjekalender

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Takkoffer	Opplysningar
15.09.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Brandøy	Konfirmantpresentasjon
15.09.	17:00	Høylandsbygd bedehus	Svein Arne Theodorsen	Sjømannskyrkja	
15.09.	17:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Konfirmantarbeidet	Nattverd
22.09.	11:00	Åkra kyrkje	Svein Arne Theodorsen	Sjømannskyrkja	Nattverd
22.09.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Åse Selsvold	Nytt orgel i kyrkja	Nattverd
22.09.	17:00	Eid kyrkje	Svein Arne Theodorsen	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmantpresentasjon
22.09.	17:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmantarbeidet	Konfirmantpresentasjon. 4-, 5- og 6-åringar får bok.
22.09.	17:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	Stefanusalliansen	4- og 5-åringar får bok
29.09.	11:00	Ølve kyrkje	Kjersti Boge		Hausstakkefest. Lys vaken. 4- og 5-åringar får bok.
29.09.	11:00	Husnes kyrkje	Vikar	Kirkens Bymisjon	
06.10.	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kyrkjelydsarbeidet	Konfirmantjubileum. Nattverd.
06.10.	11:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Venskapskyrkje på Cuba	Nattverd
06.10.	17:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	KFUK-KFUM	Nattverd
06.10.	17:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Barne- og ungdomsarb.	Nattverd
13.10.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Blå Kors i Norge	
13.10.	11:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	0-12 års gudsteneste.
20.10.	11:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	Brandøy	Konfirmantpresentasjon
20.10.	11:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Sjømannskyrkja	Nattverd
20.10.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsbladet	Årsmøte etter gudstenesta.
20.10.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Stefanusalliansen	Hausstakkefest. 4- og 5-åringar får bok.
27.10.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
03.11.	11:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Frelsesarmeen	Minnegudsteneste. Nattverd.
03.11.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kirkens Nødhjelp	Minnegudsteneste. Nattverd.
03.11.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Minnegudsteneste. Nattverd.
03.11.	11:00	Ølve kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Diakoniarbeidet	Minnegudsteneste. Nattverd.
03.11.	17:00	Varaldsøy kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Minnegudsteneste. Nattverd.
03.11.	17:00	Åkra kyrkje	Carsten Mrusek	Kirkens SOS i Norge	Minnegudsteneste. Nattverd.
03.11.	18:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Ikkje takkoffer	Minnegudsteneste

**NB! Det kan verta endringar i lista.** Sjå etter annonser i lokalavisene, på [www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no) eller bruk denne QR-koden på mobilen din:





Kvinnherad kyrkje



Ænes kyrkje



Åkra kyrkje



Varaldsøy kyrkje



Hatlestrand kyrkje



Ølve kyrkje

Foto av kyrkjene: Gunnar Langeland

Dato	Tid	Kyrkje/bedehus	Prest	Takkoffer	Opplysningar
10.11.	11:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Ma Ma Children	
17.11.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Søndagsskulen lokalt	4-, 5- og 6-åringar får bok.
17.11.	11:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsbladet	Nattverd
17.11.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Frelsesarmeen	
17.11.	17:00	Fjelberg kyrkje	Carsten Mrusek	Diakoniarbeidet	Nattverd
17.11.	17:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Blå Kors i Norge	Nattverd
24.11.	11:00	Valen kyrkje	Åse Selsvold	Ma Ma Children	
01.12.	11:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Kyrkjelydsarbeidet	Nattverd
01.12.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	
01.12.	16:00	Uskedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kyrkjelydsbladet	Lysmesse
01.12.	17:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Kyrkjelydsarbeidet	Lysmesse
01.12.	18:00	Hatlestrand kyrkje	Kjersti Boge	Framnes VGS	Lysmesse
08.12.	11:00	Holmedal kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Kyrkjelydsarbeidet	
08.12.	19:00	Ænes kyrkje	Kjetil Kringlebotten	Konfirmantarbeidet	
08.12.	19:00	Kvinnherad kyrkje	Kjersti Boge	Brandøy	Lysmesse
15.12.	11:00	Eid kyrkje	Carsten Mrusek	Den Norske Israelsmisjon	
15.12.	11:00	Husnes kyrkje	Åse Selsvold	Kyrkjelydsarbeidet	

## Dåpskjolar og anna utstyr til utlån



Ikkje alle har ein dåpskjole tilgjengeleg. Det er heller ikkje eit plagg som vert nytta så ofte. I Kvinnherad har vi to dåpskjolar som kan lånast gratis i samband med barnedåp. Den eine heng i Kvinnherad kyrkje og den andre heng på kontoret på Valen, men begge kan sjølvstøtt lånast og nyttast i alle kyrkjene våre. Marit E Totland har hekla den eine, medan den andre er kjøpt. Ta gjerne kontakt med oss på kyrjekontoret så kan de få sjå og prøva dåpskjolane.

Kyrkja har og lysestakar og anna utstyr til utlån i samband med gravferder. Spør gjerne etter, så hjelper vi deg.

Ta kontakt: Tlf.: 90 53 19 10 (ikkje SMS) - E-post: [post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no](mailto:post.kyrkja@kvinnherad.kommune.no)



Tlf.: 53 48 00 00

Mail: [post@oybygg.com](mailto:post@oybygg.com)

# teca®

Alt teknisk gjort enkelt for deg!

## HUSNES MØBEL

EIN NATURLEG DEL AV HEIMEN



Lonavegen 15 - 5460 Husnes Tlf. 53 47 81 91  
[annemariesblomster.no](http://annemariesblomster.no)



## TRONDS MARINE SERVICE

SYNSTEST BRILLER LINSER DIGITAL AUGELEGE

## prima OPTIKK

45850341 2. etg, Varehuset Rosendal



[www.pizzabakeren.no](http://www.pizzabakeren.no)  
Tlf: 53 47 22 13

## PIZZABAKEREN™ HUSNES

# joker

## ØLVE

*Hardanger & Kvinnherad*  
GRAVFERDSBYRÅ

Døgnvakt: 53 48 00 33 - Mail: [post@hk-byraa.no](mailto:post@hk-byraa.no)

# S&S

## SAU & SÅNT

- Graving
- Transport
- Natursteinsmur
- Kulestein

90 40 29 39

Mail: [sogs@knett.no](mailto:sogs@knett.no)

Du kan verta ein av våre annonsørar!  
Ta kontakt med Jan-Ove Fagerheim!  
[jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no](mailto:jan.ove.fagerheim@kvinnherad.kommune.no)  
Mobil: 913 45 042

# [www.kvinnherad.kyrkja.no](http://www.kvinnherad.kyrkja.no)

[www.instagram.com/kyrkjakvinnherad](https://www.instagram.com/kyrkjakvinnherad)

[www.facebook.com/kyrkjakvinnherad](https://www.facebook.com/kyrkjakvinnherad)



LIK OSS PÅ

facebook

# YOU WHO

Du finn oss i 2. etg  
i Husnes Storsenter



## HMR

[www.hmr.no](http://www.hmr.no)



Halsnøy Trelast as

Åpningstider:

Mandag - Fredag: 9:00 - 16:30  
Lørdag: 9:00 - 14:00

Telefon: 53 47 30 10  
E-post: [butikk@htrelast.no](mailto:butikk@htrelast.no)

[www.htrelast.no](http://www.htrelast.no)



### Husnes Tannlegesenter

Månd. - fred.: 08.00-16.00  
Tlf. 53 47 70 00

# BYGGER'N

## TEIGEN



Vi lager alle typer paller  
på bestilling.

### VAR DU KLAR OVER?

At Sandvoll Handel har eige  
sagbruk, me skjer eige tømmer,  
men driv og med leigeskjæring.

## Sandvoll Handel

[www.byggfag.no](http://www.byggfag.no) ☎ 53 47 05 00 [post@sandvollhandel.no](mailto:post@sandvollhandel.no)

**DIN LOKALE BILFORHANDLER I KVINNHØRAD!**

# Rødsten Bilforretning

[post@srbil.no](mailto:post@srbil.no)

[www.srbil.no](http://www.srbil.no)



SUBARU

Over 40 år  
med bil



# POWER

## Husnes

# Støtt annonsørane våre! - utan dei, ingen Kyrkjelydsblad!



# Eg stend og ser på ei nagla hand


Det kan vera ulikt frå dag til dag kva salmar ein vert minna om, men ein salme eg stadig kjem attende til er 3. verset av «Eg stend og ser på ei nagla hand». Nr. 250 i sangboken. (Diverre er den ikkje med i salmeboka). Det lyder slik: «Eg stend og ser på ei nagla hand, min Frelsar det var for meg, og difor ikkje eg anna kan, enn tilbe og elska deg».

Altertavla i kyrkja vår på Varaldsøy er Jesu oppstoda, der Jesus står opp av grava med hendene over hovudet. Det er teiknet på at Jesus sigra over døden. Dette sat eg og såg på, og der såg eg for meg naglemerka i hendene, ja for meg vart desse naglemerkene blodige. Det greip meg, det var for syndene mine at Jesus måtte liggja og dø. Ja, tenk at når Jesus elsker oss slik at han gjekk vegen om korset for å frelsa syndarar. Eg vert stadig minna om at det var for meg han gjekk vegen om korset. Dette trur eg og set mi lit til, for Jesus elsker eit sundbrote hjarta.

Teksten av min salme er av Trygve Bjerkrheim. Det er sagt at han skreiv eit dikt mest kvar dag, til saman 15 tusen dikt. Noko av dette gjekk nok i papirkurven, men det lever mange salmar og dikt etter han i songbøker og salmebøker. I tillegg skreiv han 30 bøker. Den mest kjende salmen er «Det er makt i det foldede hender». I eit intervju vart han ein gong spurd kva salme han sjølv sette høgast, etter ei kort stund kom svaret, det må vera Eg stend og ser på ei nagla hand.

Etter denne salmen takkar eg ofte med eit vers frå ein annan salme: «Takk at du tok mine byrder, eit høg fjell av skuld og av skam. Du bar det på skuldrene dine, du skuldlause sonofferlam».

Gitle Sandvik



## *Eg stend og ser på ei nagla hand*

*Eg stend og ser på ei nagla hand Ho spikra til krossen vart,  
Og lell ho løyste mitt træleband I dødsstunda skum og svart.*

*Eg stend og ser på ei nagla hand Der blodsdropar tunge fell.  
Ho opna veg til eit fridomsland Der straumar av vårliv vell*

*Eg stend og ser på ei nagla hand, Min frelsar, det var for meg!  
Og difor ikkje eg anna kan Enn tilbe og elska deg.*

*Og når eg ein gong i livsens land Får skoda deg som du er.  
Då ser eg, Jesus, di frelsarhand, Ho merke av naglar ber.*